

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 14. mai 2013, kl. 19.00 - 22.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Kaia Gulbrandsen, Knut Haugen, Arne Bergstø, Gerd Haugen, Sigmund Eiken, Britt- Heidi Selsvik og Hanne Hesthamer.

Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Referat frå styremøte 3.april og 23. april er baa godkjende.
Inga merknader til møteinnkalling.

Oppfølging og gjennomgang av liste over ulike oppgåver for styremedlemmene etter siste styremøte vart utkvittert.

Sigmund Eiken hadde hovudansvaret for gjennomføring av dugnaden, og han las opp referat frå dugnaden. Referatet ligg som vedlegg til dette referatet og vert sett opp på plakatkassen.

Sak 2, Val av skrivar.

Denne saka var utsett frå sist styremøte, 23/4-13.
Ny skrivar : Britt-Heidi Selsvik.

Sak 3, Herand familiebarnehage. / Herand barnehage.

Kasserar la fram rekneskapsrapport pr. d.d., resultatet ligg innafor godkjende budsjettrammer. Viser eit underskot på kr. 75.000.- hittil i barnehageåret.

Sak 4, Sett ned ei arbeidsgruppe, Herand barnehage.

Denne består av: Sidsel Haugen, Sigmund Eiken, Ingrid Håvik og Kjellaug Samland.
Gruppa jobbar vidare med barnehagesaka.

Sak 5, Tilbod om annonsering/profilering i magasinet «Draumen om Folgefonna».

Sidsel jobbar med denne saka. Kontaktar aktuelle annonsørar i bygda. Bygdelaget seier seg villig til å stø økonomisk med kr. 3000.-.

Sak 6, Fordeling av ymse oppgåver.

Styremedlemene deler på oppgåvene i høve vatning av blomar, tøming av bossdunkar, som i fjor sommar. (Badeplassen, Sævarebrua, skulesvingen og Helleristingsfeltet). Vaktliste blir sett opp på neste møte, Sidsel har ansvaret for mai mnd.

Sak 7, Eventuelt.

- a) Herandshelg. Sidsel og Kaia fortalde litt om planane for helga. Dei jobbar vidare med denne saka saman med Hanne og Arne. Hanne og Arne er valgt til bygdelaget sine representantar i komitèen for Herandshelga.
- b) Kaia overtar som Bygdelagsstyrets representant til Herand bygdeblad.
- c) Arjen Stolk ønskjer kjøpa noko av verktøyet som tilhøyrer skulen. Arne Bergstø og Sigmund Eiken gjev pris på dette.
- d) Arne Bergstø laga eit enkelt «skissekart» over Herand, til bruk under Herandshelga.
- e) Herand har eiga Facebooksida. Hanne E. Hesthamar har ansvar for denne, oppdateringar og annonsering av ting.
- f) Lag og organisasjonar i bygda har fått tilbod om arkivplass på skulen. Sigmund, Knut og Arne tek denne saka vidare og kallar inn til møte med dei som har vist interesse.
- g) Ang. ansvar for å slå kommunale areal i Herand, arbeidar Sigmund vidare med denne saka.
- h) Ny kaffitraktar er på plass på kjøkkenet.

Britt-Heidi Selsvik / skrivar.